



Den Vietnamiske velforening

Dato: 16.06.2014
Vår ref.: 2014/10299-105
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.:

TILDELING AV TILSKOTT TIL DRIFT AV LOKALE INNVANDRARORGANISASJONAR

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til drift frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet(IMDI) si ordning med driftstilskot til innvandrorganisasjonar, forvalta av fylkeskommunane.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har på møte den 13.mai i år vedteke å tildele **Kr 19.000,-** i tilskot for 2014.

Tilskotet vil bli utbetalt til dykkar konto nr. 5258 05 05589. Organisasjonen har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast. Det er også ein føresetnad at godkjend rapport og rekneskap ligg føre.

Grunngjeving

For 2014 var det 27 søknader om støtte til drift og kr 325 000 vart fordelt.

IMDI har vedteke retningslinene for ordninga, og vi har vurdert dykkar søknad opp mot desse. IMDI har også retteleiane tilskotssatsar knytte til tal på betalande medlemmar. I Hordaland har vi vald å tildele høgare sum, og sett tildelingane i samanheng med aktivitetsnivå.

Nærare grunngjeving går fram av saksframlegg med vedlegg. De kan også sjå saka på Hordaland fylkeskommune si heimeside <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1531> vedlegg

Føresetnader

Tilsegnet er gitt i medhald av retningsliner frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet under del 1 -drift for 2013. Det er ein føresetnad for tildelinga at:

- Dei opplysningane som er gitt i søknaden er korrekte og gir eit rett bilete av verksemda/organisasjonen
- Årsrapport med rekneskap vert sendt
- At organisasjonen medverkar ved eventuell kontroll

Rapportering og kontroll

Årsrapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, seinast innan 1.mars 2015. Vi tilrår bruk av følgjande skjema <http://www.hordaland.no/Global/kultur/dokument/dokument2013/arsregnskap%20og%20rapport-1.pdf>

med evt, vedlegg. Det kan også rapporterast på eige dokument. Føresetnaden er då at same opplysningar vert gitt. Vi krev eit enkelt rekneskap utan bilag (kvitteringar ol) sendt til oss.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane/dokument dei finn påkravd for sin kontroll.

At rapportering er gjennomført vil mellom annan vere eit vesentleg omsyn ved vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Brot på vilkåra

Dersom det er gitt uriktige opplysningar, at det ligg føre brot på retningsliner og/eller føresetnader for tildelinga i søknad eller rapport, kan vedtaket om tilsegn verte gjort om heilt eller delvis. Pengane kan i så tilfelle krevjast tilbake heilt eller delvis.

Klage

Vedtaket kan klagast på innan ein frist på 3 veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Om de i tillegg har søkt midlar til prosjekt/tiltak gjennom del 2 av denne IMDI-ordninga, vil de få eit eige brev/e-post med svar på denne søknaden.

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør for kultur og idrett

Ronny B. Skaar
Seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland/Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg